

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Quality Hotel Sogndal, Sogndal
Dato: 17.12.2019 kl. 10:00-17:35
 18.12.2019 kl. 08:30-15:40

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB	Møtte 17.12
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsén	Medlem	FNB	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen	Medlem	H	
Indrevik			
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Tor André Ljosland	Medlem	KRF	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	Møtte 17.12, gjekk kl. 17:20
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	

Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Jon Askeland	Medlem	SP
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Lars Fjeldstad	Medlem	SP
Marthe Hammer	Medlem	SV
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Terje Kollbotn	Medlem	R
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Lise-May Sæle	Medlem	H
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer	
Terje Sletten-Hansen	Hege Nygård Dale	FNB	
Renate Møgster Klepsvik	Terje Søviknes	FRP	
Gunnar Bakke	Bjarte Vatnøy	FRP	17.12: Kom kl. 10:20
Iril Schau Johansen	John Andre Kongsvik	H	17.12: Kom kl. 10:50
Christer Lilleskare Olsen	Lise-May Sæle	H	
Petter W.Haraldsen Haugland	Dan Stian Femoen	H	17.12: Kom kl. 10:20
Mariel Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG	Møtte 17.12, kom kl. 10:20, gjekk kl. 16:15
Anders Hamre Sveen	Terje Kollbotn	R	
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V	Møtte 18.12
Marius Dalin	Mona Høgli	MDG	Møtte 18.12
Leif Fjellro	Trym Aafløy	FNB	Møtte 18.12
Svein-Martin Stenseth	Marielle Eikset Koren	MDG	Møtte 18:12

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleder
Ingrid Holm Svendsen	Påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Påtroppande fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Påtroppande fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Påtroppande fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Bertil Søfteland
Silje Lyngstad

Seksjonsleiar politisk sekretariat
Rådgevar politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
	Godkjenningssaker		
GK 2/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 3/19	Godkjenning av møtebok frå førre møte	2019/65	
	Referatsaker		
RS 2/19	Valen Kraftverk - oppfølging av vedtak i fylkestinget	2019/136	
RS 3/19	Melding om arbeidet med ny budsjettmodell	2019/94	
RS 4/19	Reglement for folkevalde organ og delegering	2019/13	
	Skriftlege spørsmål		
SI 1/19	Interpellasjon frå Sæhle (SV) - konverteringsterapi	2019/157	
SI 2/19	Interpellasjon frå Taylor (MDG) - Bærekraftig mat i fylkeskommunen	2019/157	
SI 3/19	Interpellasjon frå Hestetun (Ap) - Rogaland fylke og Vestland fylkeskommune	2019/157	
SI 4/19	Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - ei framtidretta og berekraftig mineralnæring	2019/157	
SI 5/19	Interpellasjon frå Syversen (R) - sats på Bergensbanen og Vossabanen	2019/157	
SI 6/19	Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - sosial dumping	2019/157	
SI 7/19	Spørsmål frå Gadolin (Ap) - mistanke om sosial dumping - byggingen av Nye Åsane vgs	2019/157	
SI 8/19	Spørsmål frå Ljosland (KrF) - finansieringsmodell for spesialundervisning	2019/157	
SI 9/19	Spørsmål frå Stormoen (FRP) - journalføring og eierskap til kommunikasjon	2019/157	
SI 10/19	Spørsmål frå Syversen (R) - tilskot til kristne vidaregåande skular	2019/157	
SI 11/19	Spørsmål frå Syversen (R) - NorthConnect-kabelen	2019/157	
SI 12/19	Spørsmål frå Fosse Andersen (Sp) - læremiddel på begge målformer	2019/157	
SI 13/19	Spørsmål frå Hamre Sveen (R) - ferjeanbod og nedbemanning	2019/157	
	Politiske saker		
PS 14/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023	2019/28	
PS 15/19	Stord lufthamn - søknad om lån til finansiering av ny infrastruktur	2019/61	
PS 16/19	Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2019	2019/143	
PS 17/19	Skattelegging av vannkraftverk - NOU 2019:16	2019/137	
PS 18/19	Regional vassforvaltningsplan - planprogram og hovudutfordringar	2019/45	
PS 19/19	Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune	2019/20	
PS 20/19	Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga	2019/12	
PS 21/19	Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for felles organisasjonskultur i Vestland fylkeskommune	2019/140	
PS 22/19	Vestland fylkeskommune og tilhøvet til kommunearkivordninga	2019/84	
PS 23/19	Godkjenning av fylkesting for ungdom Vestland (FFU) og Vestland ungdomsutval (VU)	2019/82	
PS 24/19	Kystpilegrimsleia. regionale pilegrimssenter	2019/27	
PS 25/19	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane, samt magasinutfordringar for KODE	2019/23	
PS 26/19	Fritt skuleval - høyring om forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6	2019/124	
PS 27/19	Høyring om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune	2019/57	
PS 28/19	Rom- og funksjonsprogram for Fagskolen i Hordaland og Rom- og funksjonsprogram for Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule	2019/31	
PS 29/19	Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule	2019/50	
PS 30/19	Endra selskapsavtale for Vigo IKS	2019/83	
PS 31/19	Prosess med Nasjonal transportplan 2022-2033 og med store statlege samferdselsprosjekt	2019/126	

PS 32/19	Regional plan for Hardangervidda - Vedtak	2019/90
PS 33/19	Områdegjennomgang av verkemiddelapparatet for regional utvikling	2019/102
PS 34/19	Mandat for regionalt planforum i Vestland fylke	2019/118
PS 35/19	Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2023	2019/134
PS 36/19	Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen. Val av to medlem og to varamedlem	2019/32
PS 37/19	Val avyrkesopplæringsnemnd	2019/10
PS 38/19	Val av medlemmer til etikkutval	2019/10
PS 39/19	Val til styre og representantskap i stiftingar og råd, m.m. - valperioden 2019 - 2023	2019/11
PS 40/19	Val til styre, råd og nemnder for perioden 2019-2023 - tilleggssak	2019/11
PS 41/19	Søknad om permisjon frå verv i Vestland fylkeskommune	2019/11
PS 42/19	Nominasjon av styremedlem i Trygg Trafikk	2019/151
PS 43/19	Nye vedtekter for fagskulane i Vestland fylkeskommune	2019/150
PS 44/19	Nye styrever for fagskulane i Vestland fylkeskommune	2019/152
PS 45/19	Berekraftig mat i fylkeskommunen	
PS 46/19	Fråsegn om "Ja til mangfald - Nei til skular som diskriminerar!"	
PS 47/19	Styrk medisnutdanninga på Vestlandet - behald utdanninga ved Universitet i Bergen	
PS 48/19	Søknad om midlertidig fritak for representanten Terje Søviknes	

Godkjenningssaker

GK 2/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Sigbjørn Framnes (FRP) la fram søknad om midlertidig fritak for representanten Terje Søviknes på dag 2 av tingsete og ba om at denne vert behandla i fylkestinget. Fylkestinget vedtok samrøystes å sette sak om fritak for Terje Søviknes på sakskartet utan saksførelegg.

Saklista vart godkjent med merknaden over.

OPNING AV FYLKESTINGET

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.
Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 19 representantar hadde ordet.

Jeanette Syversen (R) sette fram forslag om fråsegn om «Ja til mangfald – Nei til skular som diskriminerar!».

«Ja til mangfald – Nei til skular som diskriminerar!

I Bergensavisen, kan ein 13.12.19 lese følgjande:

«Over 2000 elever i Hordaland går på skoler som ikke ansetter lærere som lever i et homofilt samliv. Det viser BAs gjennomgang av verdigrunlaget til 15 kristne private grunn- og videregående skoler i fylket. Ti skoler sier nei, tre sier ja, mens de to resterende gir uklare svar. De ti nei-skolene har til sammen 2234 elever, og får i 2019 rundt 240 millioner kroner i statsstøtte.»

Vidare står det i artikkelen: «Seks av skolene er drevet av Egill Danielsen stiftelse. I deres felles verdidokument, som nyansatte må skrive under på ved tiltredelse, står det blant annet: «Det livslange, monogame ekteskap mellom mann og kvinne er rammen for det seksuelle samliv. Det forventes at alle lever i samsvar med dette.» Dokumentet inneholder også punkter som gjør det klart at abort er uønsket, og at Guds ord står over norsk lov.»

Dette meiner vi kan vere eit brot på intensjonen i likestillings- og diskrimineringslova. Private skular er arbeidsgjevarar og målberande institusjonar på lik linje med offentlege skular og er difor forplikta til aktivt vere med på kjempe imot diskriminering på bakgrunn av legning, kjønn, religion og etnisitet.

Det følgjer av arbeidsmiljølova at direkte og indirekte diskriminering på grunn av seksuell orientering er forbode. Fylkeskommunen set krav til alle skular om at dei skal halde seg innanfor lova.

I Hordaland fylkeskommune sin Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar heiter det blant anna at «Alle nivå i skulesektoren i Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utvikle eit læringsmiljø som fremjar god helse og læring for lhbt-befolkninga», og dette må sjølvstøtt også gjelde for dei private vidaregåande skulane under nye Vestland fylkeskommune. Uavhengig av om skulane er private eller offentlege, vil Vestland fylkesting seie ja til mangfald og nei til diskriminering.

Vestland fylkesting forsvaret retten til fritt å velje kven ein vil elske og leve saman med, uavhengig av kjønn, legning, etnisitet og religiøs overtyding. Vestland fylkesting vil sende ein klar og tydeleg beskjed, til kunnskapsdepartementet, regjering og storting, om at systematisk diskriminering av LHBTIQ-personar i regi av skulen, er ikke akseptabelt og bør opphøre.»

Fylkestinget slutta seg til å sette fråsegna på sakskartet. Saka vert satt på sakskartet som PS 46/19 Fråsegn om «Ja til mangfald – Nei til skular som diskriminerar!».

Anne Gine Hestetun (A) sette på vegner av A, H, Sp, MDG, KrF, SV, V, Frp, Pp, R fram forslag om fråsegn om «Styrk medisinstudninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen» til departement, statsråd og Hordlandsbenken og Sogn Fjordane-benken.

«Styrk medisinstudninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen

Grimstadutvalget leverte i september 2019 sin innstilling «Studieplasser i medisin i Norge - Behov, modeller og muligheter» til Kunnskapsdepartementet.

For å kunne dekke landet sitt legebehov er det trong for 440 nye studieplassar på medisin i Norge. Vestland fylkesting meiner det er avgjerande at fordelinga av desse nye studieplassane sikrar ei robust og slagkraftig medisinstudning, og at vi samstundes sikrar at vi har nok legar i vårt geografiske område. Universitetet i Bergen har utvikla ein visjon om å utdanne «Vestlandslegen»; legar på Vestlandet, for Vestlandet, som eit pedagogisk kompetanseløft i heile landsdelen. Planen skal ikkje berre tene studentane, men og tilføre heletenestene i Helse Vest akademisk kompetanse, styrke kvaliteten og konkurransekrafta i forskingsmiljøa, betre samarbeidet mellom helseføretaka og betre rekrutteringa i regionen. For å nå desse måla meiner Vestland fylkesting at det ikkje bør startes eit eget medisinsk fakultet i Stavanger, men heller bygga oppunder det tilbodet som allereie er utvikla ved Universitet i Bergen.

Vestland fylkesting støtter således opp om utvalgets medlemmer Grimstad, Hunsjør og Straume som anbefalar «at det i den foreslåtte opptrappingen av studieplasser ikkje gis gradsrettigheter for profesjonsstudiet i medisin til flere universiteter enn dagens fire.»

Ei oppdeling av medisinstudninga på Vestlandet vil få mange uheldige konsekvensar. Det vil både vere svært kostnadskrevjande, det gjer dårleg utnytting av eksisterande fagleg og administrativ infrastruktur og det vil føre til mindre konkurransekraft om norske og internasjonale forskningsmidlar. Ein fordel med ei samla utdanning er at utdanningsinstitusjonen kan sjå heile landsdelen under ett, og sikra at heile Vestlandet vert tatt i bruk når studentane skal ut i praksis, slik UIB allereie gjer ved sjukehusa i Bergen, Førde, Haugesund og Stavanger. Dette gjev rekruttering av legar på heile Vestlandet.»

Fylkestinget slutta seg til å sette fråsegna på sakskartet. Saka vert satt på sakskartet som PS 47/19 «Styrk medisinstudninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen».

GK 3/19 Godkjenning av møtebok frå førre møte Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Mark Taylor (MDG) gjorde merksam på at namnet hans er feilstava i PS 7/19 og PS 9/19. Det skal vere Taylor med «o».

Møteboka frå 15.-16- oktober vart godkjent med merknaden over.

Referatsaker

RS 2/19 Valen Kraftverk - oppfølging av vedtak i fylkestinget

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

RS 2/19 vart ikkje referert.

RS 3/19 Melding om arbeidet med ny budsjettmodell

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

RS 3/19 vart ikkje referert.

RS 4/19 Reglement for folkevalde organ og delegering

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

RS 4/19 vart ikkje referert.

Skriftlege spørsmål

SI 1/19 Interpellasjon frå Sæhle (SV) - konverteringsterapi

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Fylkesordførar har ikkje kjennskap til at det går føre seg konvertingsterapi i eller i tilknytning til dei offentlege vidaregåande skulane i fylket.

Arbeidet for inkludering er ein sentral del av fylkeskommunen sitt oppdrag med å sikre at alle elevar har eit godt og trygt psykososialt miljø i tråd med krava i Opplæringslova § 1.1 og Oppl. kapittel 9a. Dei fleste oppdagar si seksuelle orientering og eigen kjønnsidentitet i løpet av ungdomstida, og skulen er ein viktig arena for identitetsarbeid. Lesbiske, homofile, bifile, og transpersonar (Lhbt) under 30 år opplever høgare grad av psykiske helseutfordringar. Lhbt-perspektivet krev såleis ei særskild merksemd frå skule og helsevesen for å auke kunnskapen i skulen og redusere negative haldningar mot lhbt-befolkninga.

Undervisninga i skulane er ofte heteronormativ. Sjølv om ein gjerne har dei beste intensjonar om å legge til rette for eit inkluderande skulemiljø og undervisning, kan det mangle kompetanse om korleis ein i større grad kan sikre at lhbt befolkninga opplever å vere inkludert på ein likeverdig måte. Å vere inkluderande handlar mellom anna om å bruke eit ope språk og medverke til positiv synleggjering. Fylkeskommunane har plandokument som skal setje retning på arbeidet med likeverd, mangfald og likestilling. Dette er eit arbeid som vert følgd opp på alle nivå i opplæringssektoren.

Det er viktig å halde fram arbeidet for å auke kompetansen i vidaregåande skular i dialog med kommunehelsetenesta og relevante kompetansemiljø, men fylkesordføraren ser ikkje at det lagt fram informasjon som medfører at det grunnlag for å gå ut med konkrete undersøkingar rundt spørsmål om konverteringsterapi.

SI 2/19 Interpellasjon frå Taylor (MDG) - Bærekraftig mat i fylkeskommunen

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har arbeidd med tematikken bærekraftig mat på ymse måtar, og det er naturleg at dette arbeidet vil halde fram i Vestland fylkeskommune. Anbudsprosessen for kantinedrift på det mellombelse fylkeshuset på Sandsli er eit døme på dette. Her var miljø eitt av fleire kriterium som aktuelle leverandørar vart vurdert ut frå.

For å få til omstilling til meir bærekraftig mat i skulane, vil gode innkjøpsavtalar, samt kompetanseutvikling og støtte til dei tilsette som skal stå for endringa vere sentralt.

Matsserveringa i fylkeskommunal regi går i hovudsak føre seg i administrasjons- og skulebygg, og det er ein har høve til å påverke kosthaldet til kundane i størst grad. I kantina kan skulane legge til rette for god miljø- og klimahandling, som å velje bærekraftig mat, minimere matsvinn, og legge til rette for sortering av avfall. Budsjett er ein viktig føresetnad for kva kantine på skulane kan få til, då denne drifta i prinsippet er sjølvfinansiert.

Bærekraftfokus soknar til ulike deler av fylkeskommunen si verksemd. Difor legg ein opp til ei heilskapleg tilnærming, der avdelingane søker å samordne aktivitetane sine på feltet.

Avslutningsvis vil fylkesordførar peika på at me bør i eigen organisasjon også bidra til å løfta Vestland som matfylke, og at me i størst mogleg grad kjøper og serverer lokal- og kortreist mat. Kosthaldsråd må følgja nasjonale retningslinjer, og difor rår fylkesordførar til at saka vert drøfta i administrasjonsutvalet.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Mark Taylor (MDG)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. «Vestland fylkeskommune ønskjer styrking av kompetansen rundt sunn kostnad, basert på auka bruk av lokalprodusert mat, blant anna gjennom skulering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen om ei sak om korleis fylkeskommunen kan tilby meir mangfald og valfridom, samt klimagassreduksjon, i mattilbodet sitt.»

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandlast.

17 av representantane (Sp, FNB, 1R) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3. Saka vart satt på sakskartet for realitetsbehandling i PS 45/19 Berekraftig mat i fylkeskommunen.

SI 3/19 Interpellasjon frå Hestetun (Ap) - Rogaland fylke og Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Det skal ikkje vera nokon tvil om at Vestland fylkeskommune skal sitja i førarsetet for utviklinga av heile Vestlandet som nasjonalt tyngdepunkt og utvikling av ein attraktiv landsdel.

Fylkesordførar i Rogaland er tydeleg på at dei ikkje er klar for ein ny runde med samanslåing, noko fylket også tidlegare har sagt nei til. Det må me respektera. Eventuelle drøftingar om strukturane i framtida bør skje på grunnlag av folkevald ønskje om deltaking i ein stor vestlandsregion.

Eg merkar meg at fleirtalet av partia meiner at det ikkje tida for nye rundar med samanslåing og strukturendringar no. Organisasjonen vår treng arbeidsro for å byggja Vestland fylke, og sikra at me lukkast i å etablere eit fylke som ivaretek og utviklar tenester til det beste for alle innbyggjarane våre.

Eit sentralt punkt i samanslåingsdrøftingane med fylka på Vestlandet var å gje landsdelen større maktpolitisk tyngd. Erfaringa frå noverande Regionreform viser at oppgåver og finansiering må vera avklarte før nye strukturprosessar.

Vestlandsrådet er etablert som eit knutepunkt for Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal, og vert no restarta i ny form. Denne moglegheita til å leggja tyngd i denne møtestaden for samarbeid om utvikling av landsdelen, om felles utfordringar og felles prosjekt må me gripa. Dette er også eit naturleg fora for å drøfta maktfordeling mellom statsmakt og Vestlandet.

Ved at me er offensive og lukkast med Vestland fylkeskommune, legg me det beste grunnlaget for vekst og utvikling i landsdelen.

SI 4/19 Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - ei framtidsretta og berekraftig mineralnæring

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Første spørsmål er om Vestland fylkeskommune vil handsame spørsmålet om å delta i eit mineralråd, finansiere det og følgje det opp vidare, eller om fylkeskommunen vil vurdere andre måtar å arbeide med utvikling av ei viktig næring i fylket. Etableringa av mineralrådet er eit lokalt initiativ frå dei to kommunane på kvar side av Førdefjorden der sjødeponiet frå rutil-uttaket er planlagt. Kor vidt mineralrådet er ein god modell for resten av Vestland fylkeskommune, bør greiast ut nærare. Fylkesordføraren meiner fylkeskommunen også bør vurdere andre måtar å arbeide med mineralressursar.

Eit anna spørsmål går på om fylkestinget i Vestland vil få høve til å uttale seg om planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring. Fylkesordføraren viser til at fristen for å gje fråsegn til søknad om driftskonsesjon gjekk ut 15. september i år. Sunnfjord kommune fekk etter søknad høve til å gje fråsegn med frist 1. november 2019. Det ligg difor ikkje til rette for fråsegn frå Vestland fylkeskommune. Spørsmåla om ev støtte til Sunnfjord kommune i kravet om full utnytting av ressursane for å unngå bruk av sjødeponi, samt krav om ny totalvurdering av kjemikalier i Engebøprosjektet, blir dermed mindre aktuelle.

Trass i nokre atterhald, vil mineralressursar og mineralnæringa vere eit viktig saksfelt for Vestland fylkeskommune. Ei sak om korleis fylkeskommunen kan arbeide med feltet på ein god måte vil difor vere ønskjeleg. Administrasjonen opplyser at dei kan fremme ei slik sak i løpet av første halvår 2020.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Åsmund Berthelsen (SV)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. Vestland fylkesting ber Fylkesrådmann førebu ei sak om korleis fylkeskommunen kan medverke til ei berekraftig og framtidsretta mineralnæring i fylket. Saka skal til "Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon".
2. Utvalet skal særleg sjå på korleis fylkeskommunen kan følgje opp krav om full utnytting av ressursane.
3. Fylkestinget ber utvalet vurdere om eit mineralråd, slik Sogn og Fjordane fylkeskommune har gått inn for, er ein tenleg arbeidsmodell for å utvikle framtidens mineralnæringa på.

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandlast.

35 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, Pp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

SI 5/19 Interpellasjon frå Syversen (R) - sats på Bergensbanen og Vossabanen

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Fylkesordføraren deler Raudt si glede over at det vart Vy som vann konkurransen om anbudet på Bergensbanen. Det er tilfredsstillande å sjå at norske verksemdar er konkurransedyktige mot utanlandske selskap. Samstundes viser eg til at over 70% av persontografikken i landet ligg i dei komande anboda,- det er der slaget står! Dette viser også at anbudssystemet på jarnbanen kan gje store endringar i aktørbiletet på jarnbanesida. Fylkesordførar deler uroa om at dette kan gå ut over kvalitet og arbeidsvilkår, og peikar på at det kviler eit stort ansvar på nasjonale styresmakter i å sikra at anbudssystemet som er valt for jarnbanesektoren vidarefører den norske velferdsmodellen.

Den viktigaste rolla fylka får etter Regionreforma er å ta leiarskap som regional utviklingsaktør. Det er difor lett å gje støtte til interpellanten sine vedtaksframlegg 1 og deler av pkt 3(innspelet om krav til offentleg drift ligg neppe i rammene for NTP-arbeidet). Eg er også samd i intensjonen i punkt 2, men kan ikkje sjå at midlane kan øyremerkast, så rådet er å løysa bindinga i setning 1, men oppretthalda intensjonen om at staten må forplikta seg til storstilt investering i styrkt togtilbod og redusera reisetida. Det burde også vore med eit moment om investeringar for å få meir gods over frå bil til bane.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Jeanette Syversen (R)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. «Vestland fylkesting krev at regjeringa og stortinget går inn for ei storstilt opprustning av Bergensbanen og Vossebanen. Det gjeld både skinnegang, togmatriell, tryggleik, vedlikehald, reisetid og rutetilbod. Dette kan ikkje løysast med rein konkurranseutsetting i ein internasjonal marknad. Og dette må ikkje skje gjennom svekking av løns- og arbeidsvilkåra for dei tilsette verken i Vy Tog AS eller hos underleverandørar.
2. Dei 200 millionane som Vy betalar staten for å få køyre Bergensbanen og Vossabanen , må fullt og heilt bli nytta til investeringsmidlar for å styrke togtilbodet på desse strekningane, samt å redusere reisetida kraftig. Dette vil og gje ein stor klimagevinst gjennom redusert privatbilisme og meir gods på bane.
3. Ein nasjonal strategi for utvikling av jernbaneutbygging og drift i offentleg regi må stå sentralt i arbeidet med Nasjonal Transportplan og framtidig norsk jernbanepolitikk.»

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandles.

39 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, Krf) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

SI 6/19 Spørsmål frå Berthelsen (SV) - sosial dumping

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Hordaland fylkeskommune som har ansvaret for det konkrete prosjektet Åsane vgs og kulturhus, har svært strenge kontraktskrav knytt til lønns- og arbeidsforhold. Krava blir følgt opp gjennom månadlege rapporteringar frå entreprenøren og revisjonar frå byggherren i samarbeid med spesialkompetanse.

Det er inngått ein avtale med Skatteetaten knytt til felles innsats mot arbeidslivskriminalitet. Avtalen gjeld for utvalde bygge- og anleggsprosjekt . Utveljinga skjer i samråd med Skatteetaten. Prosjektet omhandlar både kontroll av personer oppgitt i mannskapslister og byggeplasskontroll. Det blei gjennomført byggeplasskontroll for prosjektet Åsane vgs og kulturhus 02.10.2019. Det er kontrollert totalt 159 personar som arbeider eller har arbeid på dette prosjektet.

Som følgje av Heismontørernes fagforeinings besøk på byggeplassen, så er det følgt opp arbeidsvilkår for spesielt det britiske selskapet Professional Lift Trade Works Ltd (PLTW) og dei to ungarske arbeidarane som dei har på byggeplassen. Det er også gjennomført møte med leiinga i selskapet som HFK har totalentreprise med. Motteken dokumentasjon så langt tyder på at lønns- og arbeidsvilkår er innanfor kontrakten og det norsk regelverket, men forholdet vil bli følgt opp med ytterlegare møte og med førespurnad om meir detaljert innsyn i vilkåra.

Det er også gjennomført eit møte med fleire representantar frå fagforeininga for å få innsyn i den kunnskapen dei har om saka. Fylkeskommunen ser på fagforeininga som ein viktig medspelar i arbeidet med å sikra lovlege og gode lønns- og arbeidsvilkår i våre prosjekt.

Tilgang til fylkeskommunen sine byggeplassar skal ut frå HMS-omsyn, avgrensast til arbeidarar som har oppgåver på byggeplassen og som har gjennomgått og signert personleg sikkerheitsinstruks. Andre besøkande inkludert medlemmer frå fagforeininga, må ha avtala besøk og gå i fylgje med person i prosjektet som har nødvendig sikkerheitsopplæring. Vi vil oppmoda våre entreprenører til å strekka seg langt i å kunna følgja tillitsvalte rundt på byggeplassen også ved besøk som ikkje er meldt på førehand.

SI 7/19 Spørsmål frå Gadolin (Ap) - mistanke om sosial dumping - byggingen av Nye Åsane vgs

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

1. Det er gjennomført møte med totalentreprenør og Heismontørernes fagforeining. Ut frå mottatt dokumentasjon så langt, så tyder det på at lønns- og arbeidsvilkår er innanfor kontrakten og det norsk regelverket, men forholdet vil bli følgt opp med ytterlegare møte og med førespurnad om meir detaljert innsyn i vilkåra. Det vil også bli følgt opp om krav til fagleg ansvar er innanfor regelverket.
2. Ut frå det fylkesrådmannen er gjort kjent med frå våre kontraktpartnerar, så er det ikkje inngått avtale med det aktuelle heismontasjeselskapet i andre prosjekt. Men fylkeskommunen har same totalentreprenør på Askøy vgs og ein vil følgja opp spesielt at deira bruk av heisleverandør blir innanfor gjeldande regelverk og kontrakt.

SI 8/19 Spørsmål frå Ljosland (Krf) - finansieringsmodell for spesialundervisning

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

I 2019 har det i Hordaland fylkeskommune vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Kontrollutvalet vedtok 25. november handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Første punkt i handlingsplanen gjeld ny finansieringsmodell for spesialundervisning i friskular i Vestland fylke.

I forvaltningsrevisjonen vart det peika på at likebehandling mellom offentlege skular og friskular er det berande elementet. Arbeidet med ny finansieringsmodell for spesialundervisning er difor planlagt inn i arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane. Ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane skal etter planen handsamast i fylkestinget i juni 2020.

Representanten Tor André Ljosland spør også om fylkesordføraren vil vurdere å nemne opp saksordførar for arbeidet med finansieringsmodell for spesialundervisning. Ettersom arbeidet med finansieringsmodell for spesialundervisning er ein del av arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane, meiner fylkesordføraren at ein eventuelt må ta stilling til om det skal nemnast opp saksordførar når meldinga om ny budsjettmodell (RS 3/19) vert handsama i dette fylkestinget. I kva saker det skal nemnast opp saksordførar, går fram av «Retningslinjer for saksordførarordninga», punkt 2.

SI 9/19 Spørsmål frå Stormoen (FRP) - journalføring og eierskap til kommunikasjon

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Rutinar for journalføring av korrespondanse til og frå Vestland fylkeskommune skal vere i arkivplan for Vestland fylkeskommune. Denne arkivplan er under arbeid, forventa ferdig 1. april 2020. Arkivplan for Vestland bygger på arkivplanane for Sogn og Fjordane fylkeskommune som vart godkjend 01.01.2018 og Hordaland fylkeskommune sin som vart godkjend medio 2019. Rutinar seier at alt som er arkivverdig skal journalførast. Inntil vidare vert dei godkjende rutinane fylgt.

Det er lagt til rette for sikker korrespondanse som går direkte til sak/arkiv gjennom digitale løysingar.

Det som er journalført i sak/arkiv vert publisert på offentleg journal og der kan ein be om innsyn i dokumenta. I tillegg kan ein be om innsyn til dokument i fagsystem til dømes rekneskap.

Rutinar for arkivering av dokumentasjon i fagsystem står i arkivplanar for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar og kjem også i ny arkivplan for Vestland.

Svar på spørsmål nr. 2:

Dei godkjente arkivplanane seier mellom anna at sosiale mediar ikkje skal nyttast for saksbehandling, prinsippet vil vidareførast i ny arkivplan.

Dersom det kjem merknadar til sak, svar på spørsmål eller liknande, skal den som tek i mot dette gi beskjed om at dette skal sendast gjennom ordinære kommunikasjonskanalar for saksbehandling, til dømes eDialog eller post.

SMS, som er sendt direkte til saksbehandlar og som dannar grunnlag for saksbehandling eller er ledd i pågåande saksbehandling, skal registrerast i sak-/arkivsystemet ePhorte.

Dette er eit viktig område som Vestland fylkeskommune må ha kontinuering fokus på for å sikre god rutinar og etterleving igjennom informasjon og opplæring

SI 10/19 Spørsmål frå Syversen (R) - tilskot til kristne vidaregåande skular

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Det er departementet som godkjenner friskular, jf. friskulelova § 2-1, og gjev statstilskot til drifta, jf. friskulelova § 6-1. Vestland fylkeskommune gjev ikkje tilskot til friskulane.

Friskulelova § 3-6 seier at det er heimkommunen eller heimfylket til eleven som skal vurdere og gjere vedtak om spesialundervisning, jf. krava i opplæringslova §§ 5-3 til 5-5. Heimfylket skal i tillegg dekkje kostnadene til spesialundervisning som vert gitt i friskulen

SI 11/19 Spørsmål frå Syversen (R) - NorthConnect-kabelen

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

1. Fylkesordføraren deler partileiar Trygve Slagsvold Vedum sitt syn om NorthConnect. Fylkesordføraren har også forståing for at lokal ordførar og kommune ønskjer auka inntekter til kommunen sin. Dette er eit klassisk politisk dilemma, men dette er ein debatt på nasjonalt nivå.
2. Dersom Vestland fylkeskommune vert høyringspart i saka, så kjem den til politisk handsaming i fylket.

SI 12/19 Spørsmål frå Fosse Andersen (Sp) - læremiddel på begge målformer

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Representanten Alexander Fosse Andersen har stilt desse spørsmåla:

1. I opplæringslova § 9-4 heiter det: «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen». Ligg digitale læremiddel hjå NDLA føre på bokmål og nynorsk til same tid i dag?

Alle læremiddel på ndla.no ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid med nokre få unntak:

- Læremiddel i Brønnefag er publisert berre på bokmål
- Kjeldetekstar er publisert i den målforma teksten opphavleg er skriven i

NDLA har publisert nokre mediekommentarar berre på bokmål. Kommentrarar til aktualitetsstoff er ferskvare og må ut så snøgt som råd. Det siste året er desse ikkje omsett grunna høgt arbeidstrykk i NDLA.

NDLA tekstar alle videoar på nynorsk og bokmål. Ein kan finne videoar på ndla.no med teksting i berre ei målform. Dette er videoar NDLA har henta vederlagsfritt frå andre.

2. Korleis har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar jobba opp mot NDLA for å sikre at læremiddel skal liggje føre på begge målformene til same tid?

NDLA har eit medvite forhold til norsk språkpolitikk og rettar seg etter § 9-4 i opplæringslova. Der er det eit krav om å publisere i begge målformer, og dette er rotfesta i organisasjonen. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har heilt fram til 2018 vore direkte representert i styret for NDLA og har gjennom styret sett til at verksemda har utarbeidd den språkpolitikken som gjeld i dag. NDLA har eit eige arbeidslag med språkspesialistar, eit såkalla språkteam. Dei omset og kvalitetssikrar alt som vert publisert på ndla.no.

3. Kva gjer Vestland fylkeskommune for at læremiddel hjå NDLA skal liggje føre på begge målformene til same tid når dei nye læreplanane vert tekne i bruk hausten 2020?

For NDLA gjeld det same kravet om parallelle utgåver i begge målformer også for fagfornyinga. I tillegg er det nedfelt eit utvida krav til såkalla universell utforming, som medfører utvida krav til teksting. Vestland fylkeskommune har så langt ikkje sett behov for å minne styret på krava i opplæringslova

SI 13/19 Spørsmål frå Hamre Sveen (R) - ferjeambod og nedbemanning

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Svar spørsmål 1:

Fylkesutvalet i Hordaland handsama konkurransegrunnlaga for dei nye ferjeanboda i møte 29.01.16:

Når det gjeld tildelingskriterier for ferjeanboda var det uttalt følgjande i saksgrunnlaget:

I tillegg til å stille minstekrav til energieffektivitet og miljøeffektivitet per rutepakke, legg ein til grunnbruk av tildelingskriteria energieffektivitet, miljøeffektivitet og pris slik at tilbydarane vert premiert for reduksjonar i miljøverdiar utover dei fastsette minstekrava.

Ved bruk av Klimaplanens miljømål som ambisjonsnivå, vurderer ein at tildelingskriteria bør gjevast følgjande vekt:

- Pris: 70 %
- Energieffektivitet: 15 %
- Miljøeffektivitet: 15 %

Fylkesutvalet stilte seg bak tilrådinga knytt til tildelingskriterium og desse vart lagt til grunn i konkurransane som følgte.

At kvalitet ikkje er brukt som tildelingskriterium betyr ikkje at dette ikkje er regulert i kontrakten. Det er i kontrakten stilt minstekrav til fartøy både når det gjeld kvalitet og tryggleik. Mellom anna følgjande forhold regulert:

- Offentlege krav og sertifikat
- Krav om periodisk kontroll og vedlikehald
- Krav til hovuddimensjonar og lasteevne
- Krav til manøvreringseigenskapar
- Krav til universell utforming
- Krav relatert til støy
- Krav relatert til passasjerareala

Svar på spørsmål nr. 2:

Ferjekontraktane som vil bli gjeldande frå 01.01.20 vil gje Hordaland ein ferjeflåte som er betydeleg nyare enn i dag. Alle ferjer som trafikkerer må vere godkjente av Sjøfartsdirektoratet som er forvaltnings- og tilsynsmyndigheit for arbeidet med tryggleik for liv, helse, miljø og materielle verdiar på fartøy.

I overnemnde sak for fylkesutvalet var også krav knytt til servering tema. I saksgrunnlaget står det følgjande:

Fasilitetar for passasjerane skal som minimum tilfredsstillende «Forskrift om beregning av passasjerantall og om passasjerbekvemmeligheter m.v.». Operatør står fritt til å ha servering og/eller sal frå automat om bord, inntektene frå dette går til operatør. Fylkesrådmannen vurderer det slik at med denne løysinga vil det bli

slike servicetilbod der dette ber seg økonomisk, og at ein ikkje bør nytte offentleg tilskot til subsidiering av drift av kafé eller liknande om bord.

«Dette vart følg opp i sjølve konkurransegrunnlaget, slik at det ikkje er spesifikt krav til servicetilbodet om bord.»

Politiske saker

PS 14/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Forslag til innstilling

1. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

	1000 kr
Skatt, rammetilskot, andre generelle statstilsk.	10 030 372
Konsesjonskraftinntekter	182 000
Lønsavsetjing, premieavvik	-44 839
Renter, avdrag	-833 900
Bruk av avsetjingar	70 000
Til finansiering av investeringar	-536 997
TIL FORDELING PÅ SEKTORANE	8 866 636

Fordelt slik:

Politisk styring, kontrollorgan, organisasjon og økonomi	netto	754 689
Strategisk utvikling og digitalisering	netto	169 834
Tannhelse	netto	268 229
Kultur, idrett og inkludering	netto	302 691
Infrastruktur og veg	netto	1 162 592
Mobilitet og kollektiv	netto	2 540 126
Innovasjon og næringsutvikling	netto	230 391
Opplæring og kompetanse	netto	3 438 084
FORDELT PÅ SEKTORANE	netto	8 866 636

2. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

	1000 kr
Bruk av lån	1 704 976
Tilskot og refusjonar m.m.	3 137 680
Salsinntekter	50 000
Bruk av avsetjingar	524 100
Midlar frå driftsbudsjettet	536 997
SUM INNTEKTER	5 953 753

Disponert slik:

Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur	8 790
Regional utvikling	10 000
Forvaltning/fellesfunksjonar	352 268
Vegar	2 362 604
Mobilitet og kollektiv	2 421 800
Eigenkapitalinnskot KLP	7 500
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 953 753

3. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 1 594 mill. kr.

4. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.

5. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2021-23.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Man tar fylkesrådmannens innstilling til orientering»

Kjell Haaland (A) sette på vegne av A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Hovedutval for kultur, idrett og integrering tek finansutvalet sitt framlegg til orientering og kjem attende til endelig budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting»

Rita Tønning (R) sett fram slikt forslag:

«Hovedutval for kultur, idrett og inkludering tek forslag til innstilling til orientering.»

Indrevik trekte sitt forslag

Haaland trekte sitt forslag

Avrøysting

Tønning sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovedutval for kultur, idrett og inkludering tek forslag til innstillinga til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - 02.12.2019

Avrøysting

Finansutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr	2020
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
Brutto driftsresultat	300 897
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-
Renteutgifter	- 328 800
Avdrag på lån	- 616 000
Netto finansutgifter	- 833 900

Motpost avskrivningar	1 000 000
Netto driftsresultat	466 997

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	- 536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond	-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	70 000
Dekning av tyidleger års meirforbruk	-
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	- 466 997
Fremført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	-

1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr	2020
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000
Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi	735 019
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
IKT og digitalisering	119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Strategisk utvikling og digitalisering	169 884
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon	33 166
Tannhelse	268 157
Arkiv	11 783
Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi, analyse	20 320
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
Kultur, idrett og inkludering	311 765
Veg-, drift og vedlikehald	1 141 695
FTU - midlar	16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Infrastruktur og veg	1 167 692
Buss	1 032 298
Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494

Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
Mobilitet og kollektiv	2 519 154
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
Innovasjon og næringsutvikling	236 753
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
Opplæring og kompetanse	3 468 210
SUM Netto Drift	8 876 634
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
KORR netto drift 1B	8 739 473

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr

	2020
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500
Utlån av eigne midlar	
Avdrag på lån	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	- 5 953 753
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 892 656
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-
Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-
Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100

Dekning av tidlegare års udekkede beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097
Framført til inndeking seinare år	-

2B Løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesvegar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
SUM investering i aksjer og andelar	7 500

4. Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 02.12.2019

Avrøysting

Finansutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr	2020
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
Brutto driftsresultat	300 897
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-

Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-
Renteutgifter	- 328 800
Avdrag på lån	- 616 000
Netto finansutgifter	- 833 900
Motpost avskrivningar	1 000 000
Netto driftsresultat	466 997

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	- 536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond	-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	70 000
Dekning av tyidleger års meirforbruk	-
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	- 466 997
Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	-

1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr	2020
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000
Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi	735 019
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
IKT og digitalisering	119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Strategisk utvikling og digitalisering	169 884
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon	33 166
Tannhelse	268 157
Arkiv	11 783
Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi, analyse	20 320
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
Kultur, idrett og inkludering	311 765
Veg-, drift og vedlikehald	1 141 695
FTU - midlar	16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Infrastruktur og veg	1 167 692
Buss	1 032 298

Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
Mobilitet og kollektiv	2 519 154
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
Innovasjon og næringsutvikling	236 753
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
Opplæring og kompetanse	3 468 210
SUM Netto Drift	8 876 634
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
KORR netto drift 1B	8 739 473

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr

	2020
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500
Utlån av eigne midlar	
Avdrag på lån	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	- 5 953 753
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
SUM INVESTERINGSINTEKTER	4 892 656
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-
Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-

Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100
Dekning av tidlegare års udekket beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097
Framført til inndeking seinare år	-

2B Løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesvegar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
SUM investering i aksjer og andelar	7 500

- Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
- Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
- Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Avrøysting

Finansutvalet sitt framlegg vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB) som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

- Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
